

# **ARBEIDSPLAN**

## **HORDALAND NEI TIL EU**

### **mars 2023 – mars 2024**

## **KORT INNLEIING**

Nei til EU står ovanfor store utfordringar framover:

- Kampen for nasjonal sjølvråderett over den totale energipolitikken i Noreg må intensiverast.
- EØS-avtalen medfører stadig vekk unødige pålegg, direktiv, overkjøring av nasjonal sjølvråderett, samt at konsekvensane av det avtalen står for representerer ein reell fare for folkestyret, den norske modellen, velferdsstaten og for ein godt fungerande arbeidslivspolitikk.
- Presset for å få ein normal og jambyrdig handelsavtale mellom Noreg og EU som erstatning av EØS-avtalen, må intensiverast.
- EU viser seg meir og meir som ein antidemokratisk og usolidarisk union.
- Opprettinga av over 40 byrå flyttar makt frå demokratiske valde organ, politikarolla vert mindre viktig.
- Manglande nasjonal kontroll og styring med det energipolitiske feltet aukar motstanden mot ACER og EØS
- Regjeringa frå hausten 2021 er tufta på EØS-avtalen og at Noreg ikkje er med i EU. Men erfaringane med EØS skal utgreiast i perioden.
- Regjeringa vågar ikkje prøva ut handlingsrommet i ACER av frykt for at eit negativt svar skal auka motstanden
- Gjennomsnitts-alderen på medlemsmassen i Nei til EU aukar.
- Både lokalt og sentralt i organisasjonen er det ei utfordring å få yngre krefter med. Men vi ser likevel ei viss betring
- Kampen mot Jernbanepakke IV og Energipakke IV må halda fram. ACER-saka er anka til Högsterett
- Medlemstalet i Hordaland Nei til EU har auka litt, men vi treng fleire medlemmar.

## **HOVUDMÅL**

- *Arbeida aktivt med å synleggjera dei ulike partia si innstilling til EU-medlemskap og EØS-avtalen*

- *Søkja samarbeidspartar i kampen mot EU-medlemskap og for å få fram at det finst alternativ til EØS-avtalen. Her under ligg og informasjonsarbeid om handelsavtalen frå 1973 som utgangspunkt for arbeidet med å erstatta EØS-avtalen*
- *Retta arbeid og merksemrd mot at energi og infrastruktur skal vere under nasjonal kontroll, noko som vil innebera at ACER-avtalen må seiast opp*
- *Halda Noreg utanfor EU sin militærunion*
- *Halda fram med aktiv medlemsverving, spesielt retta mot ungdomar*
- *Ha ei aktiv og god medlemspleie som inkluderer informasjonsarbeid, kunnskapsformidling og kontakt med medlemene i ulike kanalar og fora*
- *Auka aktivitet på heimeside og sosiale media*
- *Delta i oppfylling av NtEU sin overordna arbeidsplan*
- *Arbeida med aktivt og målretta styrearbeid samt utvikling av organisasjonen i heile fylket*
- *Delta i auka samarbeid på tvers av alle fylkeslaga for inspirasjon, engasjement og erfaringsutveksling.*

## LITT MEIR UTDJUPING AV MÅLA:

### **Vera aktiv i arbeidet med å synleggjera dei ulike partia si innstilling til EU-medlemskap og EØS-avtalen**

- Utfordra politikarar gjennom ulike fora som lesarbrev, sosiale media og andre mogelege arenaer
- Bidra saman med NtEU sentralt til å utarbeida ein strategiplan for korleis me kan få ein normal handelsavtale som erstatning for dagens EØS-avtale

### **Søkja samarbeidspartar i kampen mot EU og for å få fram at det finst alternativ til EØS-avtalen**

- Styrka kontakta med fagrørsla som viktig alliansepart
- Utvikla kontakten med dei partia som vil erstatta EØS-avtalen og som tar eit klårt standpunkt om nei til medlemskap i EU
- Delta på 8. mars og 1. mai og andre aktuelle møte og demonstrasjonar / markeringar som har relevans for NtEU- og EØS-saka, og så langt dette er mogeleg fysisk eller digitalt. Det kan også være et poeng å bruke sosiale medier for å markera oss på dagar som 6. februar og 17. mai
- Etablira eit tettare forhold til ungdom både i UmEU og Studentar mot EU
- Auka samarbeidet på tvers av fylkeslaga

### **Medlemspleie**

- Halda fram med å kontakta alle nye medlemmer for å ønskja dei velkomne
- Skriva fleire medlemsbrev med aktuelt politisk stoff samt informasjon om organisasjonen og om fylkesstyret sitt arbeid
- Betra oppfølgjing av medlemer som ikkje har betalt kontingent

## **Auka aktivitet på heimeside og sosiale media**

- Leggja endå meir informasjonsstoff på heimesida
- Bruka sosiale media i større omfang enn tidlegare
- Spreia informasjon om eiga heimeside og heimesida til NtEU sentralt og oppmoda til auka bruk av denne
- Oppmoda medlemene til å delta på webinar, seminar og andre arrangement
- Auka innsats mot presse og media for å få større merksemd om NtEU og sakene våre.

## **Delta i oppfylling av NtEU sentralt sin arbeidsplan.**

- Tilpassa aktivitetar lokalt til organisasjonen sine overordna mål, delmål og tiltak
- Bidra til at organisasjonen samla når sine overordna mål nasjonalt

## **Aktivt og målretta styrearbeid samt utvikling av organisasjonen i heile fylket**

- Styret skal generelt sett halda seg oppdatert om føringar frå NtEU sentralt, og følgja opp der dette er naturleg på fylkes- og lokallags-nivå
- Styret skal vera representert på fylkesleiarsamlingar, rådsmøte, landsmøte og på aktuelle konferansar arrangert av Nei til EU sentralt. Digital møteform endrar ikkje på dette
- Styremøta skal fortsett ha politisk kvarter som fast post på sakslista, og styremedlemmene skal veksla på å ha ansvar for å setja seg inn i og vidareformidla stoff om aktuelle tema. Så langt det lar seg gjera, skal denne bolken av styremøta filmast og leggjast tilgjengeleg på fylkesstyret si heimeside
- Styret skal arbeida aktivt for å få UmEU representert i styret
- Det skal vera minst 8 styremøte og eitt styreseminar kvart år
- Det skal arbeidast aktivt for å få til eit meir aktivitets-orientert styre med bidrag frå alle, og for å gjera styreverv i Hordaland Nei til EU meir attraktivt for alle aldersgrupper
- Styret skal styrkja samarbeidet med lokallaga og lokallagskontaktane ved å oppsøkja dei der dei er
- Styret skal arbeida aktivt for å oppretta fleire lokallag og få kontaktpersonar i fleire kommunar/område utan lokallag
- Styret har ansvaret for å handtera og eventuelt vidareformidla pålegg og føringar frå NtEU sentralt, og å halda seg oppdatert på det arbeidet som sentralt styre, AU, Rådet og Landsmøtet har på dagsorden